



Referat

Styremøte - FIR

Dato:

2. mars 2016

Tid:	Onsdag 2.mars 2016	Møte:	11 – 15/16
Til:	Deltakerne	Kopi til:	Fjell kommune

Tilstede: Oddleiv Humlestøl, Bjørn Terje Olsen , Anita Heggholmen, Siv Øye Carlsen , Charlotte Nilsen, Brita Engeseth, Mikael Tangen, Kristine Lundekvam
Ivar Einarsen frå Fjell kommune
Jeanett Nesse og Irene Solem Hansen frå Fjell kommune

Forfall: Jacob Ihlen, Osvald Berland, Jon Olav Hesjedal Janne Hamre Karlsen, , Jørgen Snekkevik, Charlotte Nilsen, Siv Øye Carlsen,

Referent: Anita Heggholmen

Nr.	Sakens tittel/emne	Frist	Ansv
	<p>Barnefattigdom</p> <p>Møtet starta med at Jeanett Nesse og Irene Solem Hansen frå Fjell kommune redegjorde for eit prosjekt dei arbeider med. Dette er eit prosjekt som blir utført i 5 kommunar i Hordaland, og ein vil få midlar tildelt til dette.</p> <p>I første omgang kartleggjer dei informasjon om barnefattigdom frå ulike hald, til dømes frå skule, barnehagar, helse, idrett, Nav, ungdommens kommunestyre m.fl.</p> <p>Deretter vil det bli utarbeida ein rapport og målet er å lande på nokre tiltak til korleis ein kan få aktivisert fattige born i kommunen på ein god måte. Det er 200 fattige registrerte born i Fjell kommune.</p> <p>Tilbakemeldingar frå idrettsrådet var at mange idrettar har slike born i sin medlemsmasse og ein har ulike løysingar for å til dømes få inn kontingent for desse borna, det kan vere at ein berre slettar den, tilbyr at ein kan arbeide dugnad for kontingent, søker Nav om at dei dekkjer kontingenten og evt andre kostnader som må dekkjast. Eit godt tiltak kan vere at alle idrettslag skriv på kontingenten at ein kan ta kontakt dersom ein har problem med å få betalt denne.</p> <p>Idrettsrådet vil få tilsendt rapporten når denne er ferdig</p>		AH
1.	<p>Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå forrige møte</p> <p>Vedtak: Godkjent</p> <p>Oppfølgingssaker:</p> <p>Handballmål – Det er no kjøpt inn plasthandballmål som skal prøvast ut på tre skular og dersom dette fungerer bra, vil ein kjøpe inn fleire av desse</p> <p>Møte med skulesjef og eigedomsjef: Eit særers positivt møte som enda med at skulesjefen ber om å få tilsendt kva for utstyr som fins i gymsalar og eigedom gjer tilsvarande for hallane. Idrettsrådet skal kome med ei liste som dei meiner er eit minimum av utstyr i gymsalar/hallar og sender ut førespurnad til alle lag om deira behov og evt ynskjer.</p>		AH

	<p>Det er naturleg at Siv og Kristine tek del i denne gruppa. Det vert nytt møte i midten av april, og målet er at ein skal vere ferdig med dette arbeidet til sommaren</p> <p>Revisjon av fordelingsnøkkel treningstider. Arbeidsgruppa: Kristine, Siv, Anita og Ivar har sett på ulike måtar å fordele på, men komen til at noverande nøkkel er dekkjande slik den er. Endringar utgjør veldig lite for klubbane. Utfordringa blir dersom fleire/nye lag søker innetid, samt at enkelte idretter kanskje må prioriterast i Sotra Arena pga elitelag og type idrett som krev til dømes stor høgde og stor bane. Dette må ein sjå på når fordelinga skal gjerast.</p>		
2.	<p>Postliste</p> <p>*Informasjon vedr inkludering av fleirkulturelle frå Hordaland Idrettskrets</p> <p>*Flyktingar-deltagelse i idrett, forsikringar og helsehjelp frå Hordaland Idrettskrets</p> <p>*Invitasjon til foredrag om Ungdom og inkludering i idrett 24.02.16. Janne Hamre Karlsen stilte på dette og har meldt tilbake at vi burde invitere foredragsholder til Idrettsrådet for dette var nyttig lærdom</p> <p>*Rapport frå SSK vedr utleie av Sotra Arena og inntekt til idretten for 2015 – desse pengane skal fordelast innan utgongen av mars. Bjørn Terje og Jacob fordeler desse etter same nøkkel som sist, då vi ikkje har ny nøkkel klar. (Fjell kommune sin nøkkel)</p> <p>Vedtak: Tas til orientering – oppfølgingssakene følges opp</p>		<p>AH</p> <p>AH</p> <p>BTO JI</p>
3.	<p>Info frå kommunen:</p> <p>*Sykkelv-møte: Anita stilte på vegne av Fir. Oppdatert informasjon om framgangen og nytt er at rittet skal opp om Sartor. Næringslivet skal samle inn 1 million kroner til dette og har allerede klart halvparten. Risiko og sikkerhetsarbeidet er i full gang og møtet var avslutta med gruppearbeid, kva meiner vi må skje i 2016, 2017 og kva vil "arven" etter Sykkelv-vm vere. Mange gode innspel vart nedskrive til å arbeide vidare med.</p> <p>*Aktiv Fjell: Laga må begynne å oppdatere informasjonen inne på Aktiv Fjell</p> <p>*Det vert brukarmøte 10.03.2016 i Sotra Arena. Foreløpig få brukere påmeldt</p> <p>*Golv i Bildøyhallen skal lakkast om og hallen vert stengt i påske/vinterferie for skift av nye lys, samt lakke golv om det er mulig</p> <p>*Vedr hull til volleyballbane i Sotra Arena: Anbud er no sendt ut</p> <p>*Søknadsfrist for å søkje om kommunale midler er 15.mars</p> <p>Tilbakemelding på at søknadsskjema er alt for komplisert å fylle ut, særskild for dei som må registrere fleire grupperingar i søknaden. Ivar ser på om det er mogeleg å forenkla denne.</p> <p>Vedtak: Tas til orientering</p>		IE
4.	<p>Gjennomgang av dei nye lovene</p> <p>Oddleiv gjekk gjennom kva som var endringar i den nye lova. Han oppdaga ein feil i lovane frå NIF si side, og Idrettsrådet har fått melding frå kretsen om at dei har meldt frå til NIF om at dei må rette opp i denne feilen.</p> <p>Ivar sjekker ut med Bedriftsidrettsforbundet om kor mange bedriftsidrettslag vi har i Fjell kommune</p> <p>Vedtak: Tas til orientering og blir lagt fram på årsmøtet til godkjenning</p>		<p>OH</p> <p>IE</p>
5.	<p>Drøfting Fjell-modellen:</p> <p>Oddleiv og Osvald har gjort eit arbeid med å registrere anlegg for dei ulike laga, kva type anlegg, her har dei delt inn i tre typar anlegg: Private, kommunale og idrettseigde. Idrettsrådet meiner ein også må ta med Skyttarhallen og Jakt og Fiske, sjølv om dei ikkje er medlemmar i Idrettsrådet, så kan dei vere ein del av ein framtidig Fjell-modell.</p>		OH

	Bjørn Terje og Kristine hjelper Oddleiv med det vidare arbeidet		
6.	<p>Eventuelt</p> <p>Kretsen har kontakta oss og spør om vi har ein kandidat som kan stille på idrettstinget 9. April Hotel Ørnen kl 10-16. BjørnTerje sjekker om han har mulighet til å stille.</p> <p>Mikael: Kvifor er parkeringsplassen til hallen full, når det berre er unge utøvere inne i hallen? Er det fotballhallen og folk som bruker turstiar i området som tek opp plassane?</p> <p>Kulvert ved Sotra Arena: Ruth Paulson har signalisert at FIR må ta stilling til bruken av kulverten. Vi har ikkje motteke eit formelt spørsmål om dette. Fir er i utgangspunktet positiv til bruken av kulverten. Ivar påpeiker at det er forhold rundt kulverten som ikkje er avklart. Dersom det er ting som kan påverke idretten negativt, må dette kome fram og ein bør finne løysingar dersom det lar seg gjere. Det må lagast avtalar for bruken mellom fotballhall og Sotra Arena, slik at det ikkje oppstår konfliktrar.</p> <p>Valkomiteen er godt i gong med arbeidet og har som mål å få flest mulig klubbar representert i styret, finne personar som er villig til å gjere ein god jobb og at kjønnsfordelinga blir riktig i høve til ny lov. "</p> <p>Mikael og Kristine orienterer frå anleggskonferansen på neste møte 6.april, og då satser vi på middag på Egon, der dei også har møterom.</p> <p>Vedtak: Tas til etterretning</p>		AH

Foreløpig godkjent av leder av FIR, endelig godkjenning gjøres på neste styremøte